

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/169

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Skatt t.o.m. november måned
2. Skatt 2016
3. Inneklimakartlegging i Indre Masfjorden barnehage
4. Informasjon om samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett til ein domstol
5. Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland
6. Årsregnskap 2016 for Masfjorden kommuen

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 008/2017

#### **KS - behandling:**

#### Grunngjevne spørsmål:

Spørsmål til ordføraren frå Masfjorden Kristeleg Folkeparti.

Oksygenmangel trugar livet i Masfjorden. Dette kunne me lesa i avisa Nordhordland onsdag 15.februar 2017. Og vidare stod det: Når oksygenivået no nærmar seg eit nivå der det meste av

alt levande liv i djupet er truga, hastar det med å sette i verk tiltak.

Dette var ei sjokkerande melding å få for alle som er opptekne av eit livskraftig miljø. Etter det ein forstår, har situasjonen forverra seg over tid, utan at kommunen har vorte informert. Spørsmåla vår til ordføraren vert då: Korleis vil Masfjorden kommune fylgja opp opplysningane om dei låge oksygenverdiane i fjorden? Korleis kan me sikra at Masfjorden kommune vert fortløpande orientert om utviklinga i saka?

Ordførar svara at kommunen skal ha møte med Fylkesmannen i Hordaland i morgon med dette som tema og han vil følge saka tett framover. Det og aktuelt å utarbeide ein felles plan for opprett for kommunane Lindås og Masfjorden.

Spørsmål frå Hildegunn Bjånes, vara i Arbeidarpartiet

I Masfjorden kommune har me eit vedtak på at ungdom som har fått førarkort og deltatt på haldningsskapande kurs i regi av kommunen kan få 3000 kr. Når skal neste kurs haldast, veit det er mange som venter på dette?

Oppvekstleiar Alf Strand svara at kommunen prøver å få tak i føredragshaldar for å halde kurs i vår.

Spørsmål frå Bjørn Egil Nordland, Arbeidarpartiet

viser til grunngjeve spørsmål frå desembermøte om status på parkeringsplass utafor barnehagen på Matre.

Ordførar svara at det er ein pågåande prosess. Kommunen har mellom anna vore vore i kontakt med BKK, men dei vil ikkje bare selge berre ein liten del av messetomta når dei ønskjer å selge heile tomte.

Referatsaker:

1. Skatt t.om. november måned
2. Skatt 2016
3. Inneklimakartlegging i Indre Masfjorden barnehage
4. Informasjon om samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett til ein domstol
5. Regionreform - vedtak på fylketinget i Hordaland
6. Årsregnskap 2016 for Masfjorden kommune

Orientering frå ordførar:

- Ordførar orienterte om konsekvensane av politireforma og bad om fullmakt frå kommunestyret til å klage på prosessen som politireforma vart gjennomført etter. Eit samla kommunestyre gav ordførar denne fullmakta.
- Ordførar orientere om at regjeringa har sendt ut eit forslag på høyring der dei ønskjer å likestille vannscooter med båt. Høyringsfrist er 23.mars

Wenche Dåe, medlem i kontrollutvalet, orienterte om innhaldet i årsmeldinga til kontrollutvalet.

**KS - vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering